

Reiserute frå Haugesund



(Klikk på kartet for å laste ned pdf i større versjon)

Symbol på kartet for bunkring, matservering og friluftsområde (grøn stoppestad).

• Haugesund/Karmøy

• **Friluftsområde på Borgøy i Hervikfjorden:** Friluftsområde tilrettelagt av Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd. Her finn ein natur- og kultursti, badeplass, natur- og uthamn, brygge for om bord- og ilandstiging og fortøyningsboltar.

• **Nord-Talgje, i Sjernarøyane:** Skjergard med holmar, viker, skjær, bukter og sund. Mykje brukt båtutfartsområde med svært stor kapasitet. Ryfylke friluftsråd har laga til toalett, båtfester, renovasjonsstasjon og informasjonsskilt. Ein kan også overnatta på land ved *Helgøysund Fiskesenter ved Helgøysund*, men hugs å bestilla på førehand. Alternativ overnatting finn ein på *Nord-Hidle* (ved Hildesundet). Der kan ein sova på *Eldhuset bed & breakfast*. Her kan ein også kjøpa god heimalaga mat.

• **Rossøysundet (Finnøy):** Halvøy og øy på sørspissen av Fogn. Svabergkyst, bukter, viker og sund med mange gode hamnemoglegheiter. Ryfylke friluftsråd har lagt til rette med Handicap-toalett, renovasjonsstasjon, gjestebryggeanlegg og turstiar. Alternativ overnatting finn ein på *Finnøy Fjordsenter* (austsida av Finnøy, Nåden, sør for Judaberg). Her finn du både hytter og campingplass med sanitæranlegg med ulike fasilitetar. I Judaberg sentrum er det også mogleg å fylla bensin heile døgnet på kortautomat.

• **Steinnesvåg (Finnøy):** I vågen på vestsida av Finnøy finn du Finnøy Havsenter. Her kan du overnatte i dei nye leilegheitene, nyte god mat i restauranten og nytte deg av fasilitetane i gjestehamna. For dei spenningsseekjande blir det arrangert dykkarturar og for den som vil slappa av finn ein ei lita spa-avdeling her. I Steinnesvåg finn ein også Hesby kyrkje som er verd eit besøk.

• **Hamnaren:** friluftsområde i inngangen av Førlandsfjorden tilrettelagt av Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd. Her finn du om bord- og ilandstigningsbrygge, toalett, naturhamn og fortøyningsboltar.

• Haugesund/Karmøy



Rennesøy - øylandskap
Foto: Hanne Sundbø



Seglbåtar i Ryfylke
Foto: Hanne Sundbø



Stolt fiskar
Foto: Hanne Sundbø



Båthamn i Steinnesvåg
Foto: Dagfrid Vallestad